

# **FORSKRIFT OM SAKSHANDSAMINGSGEBYR ETTER LOV OM HAMNER OG FARVATN FOR SANDE KOMMUNE**

Fastsett av Sande kommunestyre xx.xx.xxxx med heimel i lov 21.06.2019 om hamner og farvatn § 33 og forskrift 20.12.2010 nr 1760 om saksbehandlingsgebyr etter lov om havner og farvann.

## **§ 1. Sakshandsamingsgebyr etter lov om hamner og farvatn**

Forskrifta gjeld tiltakshavar si plikt til å betale gebyr til dekning av Sande kommune sine kostnader vedrørende handsaming av løyve etter lov 21.06.2019 om hamner og farvatn § 14 første og andre ledd.

Det skal ikkje reknast gebyr for handsaming av klage over vedtak.

## **§ 2. Gebyrkategoriar**

Gebyra blir delt inn i desse kategoriane:

- Enkle tiltak
- Enkle tiltak med synfaring
- Større tiltak
- Større tiltak med synfaring

Satsane blir bestemt av kommunestyret kvart år i budsjettet.

Faktura blir utsendt når vedtak er fatta.

## **§ 3. Iverksetting**

Forskrifta trer i kraft på det tidspunkt kommunestyret bestemmer.